



Meland Skyttarlag v/ Knut Martin Bjørnestad
Bjørnestadvegen 237
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1961 - 15/16657

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
08.09.2015

Klargjering av eigedomsgrenser GBNR 40/35

Meland kommune har fått inn krav om å klarlegga eigedomsgrensa mellom skyttarlaget sin eigedom 40/35 og kommunevegen 40/47, og eigdommen 40/5.

Meland skyttarlag står som rekvisit, og ber om at Meland kommune tek kostnaden med denne saka, då de seier at grensemerket i nordvestre hjørnet vart vekke etter arbeid med utviding av vegen i 1982-86.

Gebyret for klarlegging av inntil 4 grensepunkt som ikkje er målt frå før er kr. 9900,- For å finne det/ dei merka som manglar er det også nødvendig å finna nærmeste tilstøytande merker.

Eldre offentleg veggrunn vert oftast berre nøyaktig målt når eigedomsgrensa til tilstøytande eigedommar skal målast. Vidare så er dette også eigedomsgrensa til 40/5 og det kan synast uklart om det aktuelle grensemerket er felles for alle 3 ovanfornevnde eigedommar eller berre for 40/35 og 40/5. Kostnadane ved oppmålingsforretninga kan eventuelt delast på dei som grensa er felles for.

Meland kommune kan ikkje utan vidare dekkja denne kostnaden for Meland skyttarlag ut frå denne påstanden. Kommunen ber skyttarlaget nærmere sannsynleggjera at det er vegutviding, utført av kommunen som er skuld i at grensemerket er vekke.

Oppmålingssaka vert lagt på vent til avklaring av dekking av kostnadene ligg føre.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Meland Skytтарlag v/ Knut Martin
Bjørnestad

Bjørnestadvegen 5918
237

FREKHAUG